



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 01970 - 157	
DATO 03 FEB. 2011	
AN	EKSP.

Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf.
Faks
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post jon.larsgard@jondal.kommune.no
Tlf. 53 66 95 02

Dykkar ref.

Vår ref.

11/20-2 /JOL/11/531

Arkiv:

N-654

Dato

31.01.2011

HØYRING – NY LOV OM ELSERTIFIKAT.

I formannskapsmøte i Jondal kommune 19.01.2011, fekk ordføraren fullmakt til å senda høyringsuttale til den pågåande høyringa om elsertifikatordninga i tråd med diskusjonen i møtet.

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er fornuftig og naudsynt. Kommunen ser trongen både for klimavenleg energi og ei framtidretta næringsutvikling i kommunane, og er samd med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei slik satsing.

Jondal kommune har vore av dei kommunane i Noreg som har bidratt til å leggja til rette for produksjon av elektrisk kraft basert på fornybare ressursar gjennom utnytting av vannkrafta. Dette har vore nyttig for så vel storsamfunnet sin trong for fornybar energi, som for kommunen sin utvikling av næringsliv og busetnad. Dagens småkraftutbygging vil fortsatt kunne bidra til ei positiv utvikling i same lei.

Retten til elsertifikat – overgangsordning.

I Jondal kommune er det eit småkraftverk med installert effekt på over 1 MW som er sett i drift mellom 1.1.2004 og 7.9.2009, og som ikkje får del i elsertifikatordninga slik den no er foreslått. Dette er lite i tråd med lovnadane om ei overgangsordning, som skulle hindra at aktiviteten kring fornybarsatsinga stoppa opp i påvente av ein slik elsertifikatmarknad.


Jondal kommune meiner at alle kraftverk, og dei mellom 1 og 10 MW, med byggjestart etter 1. januar 2004 må få rett til sertifikat.

Verknad på eigedomskatt.

Vidare ønskjer ein å peika på at det i lovframlegget om elsertifikater er skissert ulike prinsipp for verdsetting av kraftanlegg som grunnlag for grunnrenteskatt samanlikna med eigedomsskatt. Verdien av inntektene frå elsertifikat, tel med i berekninga av grunnrenteskatt, men gjer det ikkje ved fastsetting av eigedomskatt. Den meirverdien som elsertifikata fører til for dei kraftanlegga som får rett til desse, er basert på dei lokalt fornybare ressursane.

Jondal kommune meiner at ein del av denne verdiauken og bør tilfalla lokalsamfunnet som har avgitt naturressursen. Det vil den gjera dersom den og vert teken med i fastsettinga av eigedomskatt, som er ein kommunal skatt.

Med helsing



Jon Larsgard
ordførar